

HYRDINGEN



NR. 4

September 2018

ÅRGANG 60

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen

Hjelp oss å gje
ut kyrkjebladet
Hyrdingen

VIPPS nummer:

53 14 72



KRIK
KRISTEN IDRETTSKONTAKT

Sjå side 3

Presten har ordet	2	Rootsgudstenesta på museet	4	Ivar Braut sluttar som biskop	8
Di trushistorie - del 4	2	Pilgrimsvandringa i Vats	5	Møte og arrangement	8
Redaksjonspennen	3	Alpha-kurs i Ølen/Vågen	5	Frå kyrkjeboka	9
Telttur med familie-KRIK Skjold	3	Skulen ved Det Indiske Hav	6	Gudstenester	10
Hyrdingen slit med økonomien	3	Trusopplæring i Vindafjord	7	Møte og arrangement	11
Ny sokneprest tilsett	3	Arken	7	Oppstart av familiespeiding i	12
Stemnemøte på Vikestølen	4	Jubilantar i Vikebygd	8	Skjold og Vikebygd	
				Vindafjord Soul Children	12



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland

Tlf. 908 73 170

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no

Bladpengar/gåver til Hyrdingen

på konto: 3240.11.17937 og

VIPPS nr 53 14 72

Adr. Skjold kyrkje

Kleivavegen 2, 5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Kari Vik Stuhaug

Rådhusplassen 1, 5580 Ølen

Tlf 53 65 65 41 / 472 53 529

kari.vik.stuhaug@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Etter avtale

Soknepresten i Skjold

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje,

Kleivavegen 2, 5574 Skjold

Tlf. 53 65 57 94 / Mobil: 932 45 645

jon.adnoy@vindafjord.kommune.no

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,

Kyrkjevegen 11, Pb. 40, 5586 Vikedal

Mobil 413 25 280

harald.eintveit@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80

britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183

Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund

Tlf 52 80 95 00

Prost Rune Steensnæs Engedal

Mobil 918 34 019

Prostiprest Sigfred Sørensen:

Mobil: 488 90 359

Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje

Tlf. 53 65 57 93

inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Kontorass. Tove Standal Vaka

Tlf. 53 65 57 96

Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd:

Brit Nelly Ness Tveit

Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes

Sandeid: Tore Tokheim

Vikedal: Andreas Andreassen

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim

Vats: Grete Skeie Sørhus

Presten har ordet

Av sokneprest Jon Ådnøy



Sjela ligg i armar og bein

«Sei meg kva du gjer, og eg skal seia deg kven du er,» er mi omskriving av eit ordtak. Poenget er dette: **Skal me tru Bibelen, er der ikkje noko skilje mellom dei åndelege ting og dei materielle. Alt heng saman: Kropp, sjel og ånd.**

Då Jesus gjekk ikring, sa han at himmelriket er nær (Matteus 10, 7), eller Guds rike er nær (Lukas 10, 9). Og så blei menneske friske, synder blei tilgjevne, utstøytte fekk fellesskap, svoltne blei metta. Då Jesus var faren opp til himmelen, skjedde dei same ting, i kyrkja. Det er heilt naturleg, for Jesus var til stades i fellesskapa av menneske som ville halda seg til han. Like til denne dag er det eit kjennemerke ved den kyrkja som kallar seg etter Kristus at menneske blir friske, synder blir tilgjevne, utstøytte finn fellesskap, svoltne blir metta. Det er dette som er «det åndelege». At det er åndeleg, vil ikkje seia at det er diffust og inni oss eller spøkelsesaktig. Det åndelege ligg i at det skjer i ånda frå Jesus. At det er hans hjarte og blick og gjerning som framleis er verksame, gjennom menneske som høyrer han til.

- Men er ikkje det åndelege noko som er litt utanfor dei materielle ting? Djupare, meir ekte, liksom?

Det er ikkje underleg om me undrast. For det er mange menneske

som seier – og praktiserer – at det med Gud og Jesus er lettast å finna om ein snur seg vekk frå det kvar-dagslege og låge og menneskelege. Alt frå eit par generasjonar etter at Jesus gjekk ikring på jorda var det mange – særleg menn – som flytta langt vekk frå folk for å søkja Gud. Ei hule i ørkenen, med minimalt med mat og kontakt med andre menneske, blei eit slags ideal for dei som ville ta kristendomen på alvor. Som ville komma tett på Gud - Nokon av dei same ideala er med i klostervesenet. Me har det og i norsk kristen tradisjon. I songen «Ved Jesu føter ei stille stund» skriv Matias Orheim «Når eg og Jesus åleine er, då er det hugnad å leva her».

Det er mange som har lært seg at dei må leggja seg til gode vanar for å få plass til å lesa Bibelen og samla tankane i bøn og vera med på plasser der evangeliet blir forkynt og sakramenta blir forvalt. Dagane kjem med så mange store og små ting som krev sitt, så det er klokt å skapa seg ein rytme som også gjev rom for «eit åndeleg liv». Då kan ein snakka om «Der eg og Jesus åleine er».

Men Herren peikar alltid utover. Å få i stand eit åndeleg drivhus inni seg sjølv var aldri målet. Prosjektet er at «den gode budskapet om Guds rike» (Lukas 8, 1) skal berast fram, i ord og gjerning. Til dette er eg og du – og alle døypte – vald ut.

Di trushistorie – del 4

Av Hanne H. Brekke

Ei trushistorie er ei historie som fortel noko om forholdet mellom deg og Gud. Historia kan vere kort og frå nyare tid, eller den kan vere lang og gå heilt tilbake frå tida som barn. Alle har ei historie.

Hyrdingen vil som nemnd tidlegare ha fokus på spørsmål knytt til trushistorie ei tid framover. Under overskrifta «Di trushistorie» vil vi koma med spørsmål som kan nyttast til eigen refleksjon rundt dette temaet, el-

ler som utgangspunkt for samtale i smågrupper. Vi er nå komne til del 4.

Bøn

Kva er bøn for deg? Kven lærte deg å be? Korleis vart du opplærd å be? Reflekter rundt di eiga bønnehistorie rundt ord som: krav, prestasjon, skuffelsar, svar, samtale, vondt samvit, kvile, trøyst, tryggleik, hjelp og fred.

Kva betyr bøn for deg i dag? Pre-gar det livet ditt?

Redaksjons- PENNEN



Av Steinar Skartland

«En sommer er over, men vi skal sees igjen til neste år», song Kirsti Sparboe i 1972. Sommaren vi har bak oss i år var fantastisk flott for alle som ikkje skulle dyrka noko på åkeren. Både born og vaksne kunne gle seg i strandkanten, bada og ha det kjekt. Men vi ventar ikkje til neste år med å møtast. Nå er aktiviteten i kyrkje og bedehus i full gong igjen. Trusopplæring er stikkordet og kateketen skriv litt om dette på side 7 og kunngjeringane fyller opp fleire sider bakarst i Hyrdingen.

Takk for mange gode tilbakemeldingar på kyrkjebladet, som kjem ut til alle husstandar seks gonger i året. Utfordringa vår nå er at det dei siste åra både har vore auke i kostnadane og nedgang i dei som betaler bladpengar. Då kan vi ikkje anna enn å ropa eit «varsku her.»

Ynskjer du at Hyrdingen skal halda fram å koma ut tre gonger om våren og tre gonger om hausten med informasjon om det som rører seg i kyrkjelyden, ja, då vonar vi du har høve til å bidra med eit lite beløp til dekking av kostnadane. Sjå nederst side 3.

Hyrdingen treng også fleire til å vera med i redaksjonskomiteen. Er det noko du kan tenkja deg å vera med på? Då kan du ta kontakt med redaktøren på telefon eller e-post.

I løpet av vinteren skal to nye prestar finna seg ein plass i kyrkjene våre. I Vindafjord er dermed alle sokneprestane skifta ut gjennom få år. Arbeidet i sokna er likevel mest avhengig av mange frivillige som stiller opp både innan barne- og ungdomsarbeid, i misjonsforeiningar og med praktiske oppgåver.

Ny sokneprest tilsett i Skjold, Vikebygd og Vats

Sokneprest Jon Ådnøy går av med pensjon ved utgangen av november, og ny etterføljar er alt tilsett. Dette er Kristian Kyllingstad, 37 år fra Kristiansand. Familiefar med to born. Prost Engedal fortel at det er planlagt felles avskjed og tilsetjingsgudsteneste i Skjold kyrkje 25. November. Det er slutt med buplikt og nytilsette prestar må sjølv leige eller kjøpe bustad når dei flyttar til ny tenestestad.



Av: Hanne Brekke

Ein varm maikveld reiste store og små på telttur til Refsnes i Nedre Vats. Her vart det bading, volleyball, sporlaup, pinnespikking, mat og sosialt.

Ut på kvelden kom Frode Eike innom med eit andaktsord (bilete side 1). Alle følgde nøye med då han viste fram heimelaga kunst for å illustrera

koplinga mellom Gud sitt hjarte og mennesket sitt hjarte. Kvelden gjekk over i natt, og neste dag kunne deltarane stå opp til ein ny soldag på ein nydeleg plass.

2. september starta dei opp igjen for hausten i skateparken på Vikanaset. Følg dei på Facebook der finn du dato og stad for komande arrangement.



Nedgang i bladpengar - Hyrdingen slit med økonomien

Av Steinar Skartland

Hyrdingen er heilt avhengig av at mange nok betalar inn det vi har kalla frivillige bladpengar. Så lenge om lag kvar 5. mottakar nytta giroen på 275 kroner, gjekk det bra. Dei siste åra har færre nytta giroen som ligg med i nummer 1 kvart år, kombinert med at kostnadar med å sende ut bladet har auka. Dermed har rekneskapen synt underskot. I 2018 ligg ein an til å mangla om lag 30.000 kroner og styret drøftar tiltak både for å auka inntektene og å skjera i kostnadar. Å redusera talet på utgåver frå 6 til 5 i året kan vera ei løysing.

Bladet går ut til alle husstandane i Vindafjord som ein informasjon frå sokneråda og om arbeidet som vert drive i kyrkjene og på bedehusa. Gudstenester, barne- og ungdomsarbeid, foreiningar, møter og konfirmantarbeid.

Mange gjev gode tilbakemeldingar på bladet. Tusen takk.

Er du ein av dei som ynskjer å nytta VIPPS for å betala bladpengar eller støtte til å gje ut kyrkjebladet? Då kan du sjølv sagt gjera det frå nå av.

Kyrkjebladet har VIPPS nummer:
53 14 72 og dei pengane går til Hyrdingen sin bankkonto: 3240.11.17937.

Stemnemøte på Vikestølen

Av Steinar Skartland

Dei møttest første gong i år 1900. Etter 118 år er tradisjonen med Vikestølsmøtet framleis levande. Omlag 50 store og små fann vegen opp til stølen søndag 24.6.2018. Per Sverre Bårdsen frå Karmøy var hovudtalaren som kunne sitera både på hebraisk og gresk då han tok utgangspunkt i Romarbrevet 4, som han kalla «rekne-kapittelet».

Opp gjennom tidene har den faste møteplassen vore oppe ved flaggstonga og minnestøtta, men når veret ikkje var heilt bra, så søkte ein inn i hytta. Om det berre var yr i lufta i år, så var derimot knotten hissig og svolten, så folk var nok nøgde med å få sitja innandørs i år. Tradisjonen tru vart flagget heist klokka 12 til songen som i koret lyder: «Fold det gamle merket ut. La det vaie over Norges ungdomsflokk. Fold det gamle merke ut». Olav Granberg leia møtet og allsongen løfta nærast taket då dei femti røystene stemde i til lyden av trekkspel og gitar. I begge møta kunne møtelyden også gle seg over mange vakre songar av duoen Lill-Inger Velde og Elisabeth Stople Gregersen. Dei song med stor innleving til musikk frå el-pianoet som var frakta til støls for dagen. Til



Flott song av Elisabeth S. Gregersen og Lill-Inger Velde (på pianokrakken).

avslutning av hovudmøtet fekk folket stemma i på ein song Jørgen Landa hadde dikta til Vikestølen.

Så var det fram med kaffi og nistemat. Mange valde å nyta den ved bord og benker ute. Før dei på ny samlast inne i hytta med både allsong, duett og solo. Igjen var det tekstar frå Bibelen som stod i sentrum.

Folk kom både frå dei 5 kyrkjesokna rundt Vikefjellet (Vats, Skjold, Vikebygd, Bjoa og Ølen), men også frå

Tysvær, Haugesund og kanskje andre stader. På vikestølen sat dei saman som ein stor familie.

Til å representere dei fem sokna er det eit styre. I dette set nå: Hans Asbjørn Åsbø (Bjoa), Olav Granberg (Ølen), Jørgen Johannes Landa (Vats), Endre Stople (Skjold) og Steinar Skartland (Vikebygd). Desse har ansvaret for å halda tradisjonen oppe, med å invitere til stemne på Vikestølen, enten siste søndag i juni eller første i juli.

Rootsgudstenesta på museet

Av Steinar Skartland

Om det ikkje er ein tradisjon med gamle røter, så har sokneråd og sokneprest kunna invitere til Rootsgudsteneste på Vindafjordmuseet i Vikedal fleire år på rad nå. Denne gongen gjekk det godt an for dei om lag 100 menneskja å benka seg ute i finvêret, delta i salmesongen og lytta til Harald Eintveit si sundagspreike frå historia om den fattige enkja som ofra dei få myntane ho hadde.

Men mest imponert vart nok folket då den unge guten Vebjørn Eikje Blikra bytte plass med organisten og både spela og song. Han hadde

berre halde på i eit par år, men ein kunne tru det var ei lang karriere bak denne spelinga. Vebjørn hadde sjølv komponert det eine pianostykket. Om museet fortel om fortida, så trur eg at denne karen har ei flott musikkframtid føre seg.

For Harald Eintveit var nok dette siste Rootsgudsteneste som fast tilsett sokneprest i Vikedal. Han sluttar i stillinga 30. desember. Prost Rune Steensnæs Engedal fortel at det er to søkjarar og tilsetjing blir avklara i midten av september. Det er derfor von om at ny prest er på plass frå nyåret av. Harald fekk i alle fall godt høve til å snakka med kyrkjelyden då dei fleste stoppa igjen til kyrkjekaffi med kaker og ein tur innom museet.



Vebjørn Eike Blikra

Pilegrimsvandringa i Vats



Steinar Sørhus og Olav Velde las bibeltekster og bøner.

Av Steinar Skartland

Det var ein liten flokk på 18 som Steinar Sørhus og Olav Velde leia på pilegrimsmarsjen frå Tørsdal til Nedre Vats, sokneprest Jon Ådnøy var også med i flokken som gjekk på skogsveggar og stigar over fjellet.

Alle fann seg ein stein som dei bar med seg heile vegen til dei kunne leggja den i ei korg ved krossen

framme i kyrkja.

Steinar og Olav las bibelvers og bøner, før starten og undervegs. Første del var ei vandring der praten gjekk mellom vandrarane. Så ei stille vandring til ein igjen kunne sjå ned til Vats bygda og kyrkja. Ved vatnet, nedanfor Vindafjordtunet, venta oppskoren melon og ei avslutning med Guds ord og bøn. Vi vart minna om at ein pilegrim skal ha stav, kappe og skreppa. Staven er Guds ord.

Kappa omsluttar deg på alle kantar og skreppa er niste. Til meg og for å dele med andre som ikkje har. For det eg har er eit lån frå Gud.

Før dei samlast til gudsteneste saman med fleire frå kyrkjelyden, gjekk vandrarane ein runde rundt kyrkja. Eit minne kunne ein få kjøpa med seg i form av ein gripekross, laga av Olav og Steinar. Til slutt, etter gudsteneste med nattverd, kunne praten igjen gå under kyrkjekaffien i kyrkjerommet.

Alpha-kurs i Ølen/Vågen

Av John Birger Wold

Hausten 2018 vil det bli nytt Alpha-kurs i Ølen/Vågen etter eit særers vellukka kurs sist vinter. Det er fortsatt eit samarbeid mellom Kyrkjetunet, Vågen bedehus og soknerådet.

19. September kl 19:00 inviterer me til Alpha-middag på Kyrkjetunet. Dette er ei samling for dei som var med i fjor og for nye som gjerne vil vita meir om kva dette er.

Påmelding til denne kvelden innan 10. september til John Birger Wold, tlf 98 28 68 13. Oppstart for sjølve kurset blir onsdag 17. oktober, og påmelding til kurset kan også gjerast til John Birger Wold.

Ein typisk kurskveld vil vera eit måltid, undervisning og song, gruppesamtalar. Og gruppene er dei same heile tida. Det er derfor det er viktig med påmelding slik at det er mulig å setja saman grupper. Du skal få bli kjent med dei i di gruppe og forhåpentleg vil det bli mange gode relasjonar ut av det. Det var mange gode tilbakemeldingar om det frå sist kurs.

I gruppa blir det samtale om det som har vore undervist i – og det er høve til å dela tvil og tru.

Den «røde tråden» gjennom heile kurset vil vera Jesus.

Kurset er for deg som trur og som vil noko meir, og det er for deg som tvilar og lurer på ein del ting, og det er for deg som endå ikkje trur, men er spørjande til noko – eller mykje –



av det som har med kristendommen å gjera!

Uansett bakgrunn er du velkommen til å vera med.

Meld deg på !.

Du kan også snakka med ein av desse i leiargruppa:

Lars Dalen, tlf 98 28 68 26
Ove Eidsheim. tlf 97 16 16 59
Gunvor Feed, tlf 99 56 15 34
Siri Djuve, tlf 91 62 76 05

Du kan finna meir informasjon på heimesida til Alpha: alpha-kurs.no

Skulen ved Det Indiske Hav



300 elevar går på skulen: «Kely mandresy».

Av: Anne Marie Reimers

Som pensjonert Madagaskarmisjonær besøkte eg den tidlegare hushjelpa mi i 2011, Madame Pako i Tsararano (Manakara).

I denne landsbyen gjekk ikkje borna på skule. Då tenkte eg at det må vera ein menneskerett å læra å lesa og skriva. Eg bestemte meg då for å starta ein skule i denne byen. Der var misjonsvener som var einig i dette, og gav meg pengar til tomt og skulehus. Folk i byen var glad for dette, så mannfolka i byen satte opp det første huset på dugnad. Mme Pako hadde kjøpt inn materialene dei måtte ha. Såleis har me bygd hus etter behov. I 2017 hadde me 5-års-jubileum. Då hadde me 300 elevar. Skulen har fått namnet «Kely mandresy». På norsk tyder dette:»Den vesle sigerherren». Skulen er driven med innsamla midlar frå faste gjevarar i Norge, men med utgifter til vedlikehald og utstyr til skulen så slit me litt med å få nok til lønningane og mat kvar måned. Skulen er kombinert barnehage og

grunnskule og har om lag 300 elevar frå 3-11 år. Desse borna hadde ikkje noko skule-tilbod før denne skulen vart oppretta i 2012. Foreldra er svært fattige og har ikkje moglegheit for å senda dei til Staten sin skule. Borna får mat kvar dag. Kanskje er dette det einaste måltidet om dagen desse borna får.

Skulen har 7 lærarar og kokke, vaktmann, jordbruksansvarleg og skulestyrar Mme Pako. Skulen løner desse, og i tillegg kjem utgiftene til mat. Me prøver å leggja til rette for inntekter til skulen, når me ikkje kan fortsetja. Me har kjøpt 4 mål utmark med tanke på planting av nellik-trær. Elles så har me kjøpt rismarker som me alt har fått avlingar på. Ris er den viktigaste maten for folket på Madagaskar. Elles har me fått eit jordstykke som skal vera kjøkkenhagen til skulen. Som de ser på bileta så har me ikkje kantine for matserving. Skulen har ikkje tilgang på meir jord. Mødrene til borna deler på oppgåva med å hjelpe kokka. Løna er mat den dagen, og det er dei vel nøgde med. Dei største elevane hjeper til

med mat-utdelinga. På Madagaskar har skulen fri 2 timar midt på dagen. Hjå oss får dei mat på skulen, men tidlegare fekk dei gå heim då dei hadde ete. Men då hende det ofte at dei små borna ikkje kom tilbake på skulen. Difor gjekk dei over til at lærarane fekk mat i saman med klassen sin, og så vart borna på skulen heile dagen. Dette vart foreldra glade for, og borna trives med å vera på skulen. Me har lite problem med innbrot og steling på skulen. Skulen vår er ein privatskule under Staten. Det gjev oss nokre fordelar. Lærarane på «Kely mandresy» får delta på dei seminara som Staten har for sine lærarar. Borna får gratis helsesjekk på sjukehuset, slik borna i den offentlege skulen får. Men dei vil ikkje ta lærarlønningane i ein privatskule.

Ønsker du å støtta denne skulen, er det mogleg å sette inn pengar på dette kontono.: 3240 08 53877. På førehand TAKK for di støtte.

Anne Marie Reimers
Holmen 16. 5583 Vikdal



Madame Pako og Anne Marie Reimers.



Skuleborna får eit måltid kvar dag

Trusopplæring i Vindafjord hausten 2018

Av Britt Karstensen, kateket

Sommarferien er over og kvardagen er i gang med mange gode, kjekke og spennande aktivitetar for store og små på ulike arenaer.

Noko av det som høyrer med i dette kvardagslivet er trusopplæring, både i heimen og i lag med andre. Kyrkja inviterer til punktvisse tiltak for bestemte aldersgrupper, men trusopplæring skjer også i høgste grad gjennom alt det kontinuerlege arbeidet som skjer rundt om i bygdene i regi av ulike lag og organisasjonar. Håpet er at dei punktvisse tiltaka kan vera dører inn til det kontinuerlege arbeidet der borna får ta del i fellesskap som varer over lengre tid. Sjå oppslag, både i Hyrdingen, på Facebook og plakatar på skulane for meir info om desse kontinuerlege aktivitetane + bli med!

Av punktvisse tiltak, felles for alle i Vindafjord, kan me nemne:

- «Babysong», 0-1 år –kurs både i Skjold, Ølen og Sandeid i haust så sant me har nok påmeldte alle stader. 10 samlingar. Oppstart aug/sept
- «Krøllesamlingar» for 2-åringar, november.
- «Heime i kyrkja», samling og gudsteneste med utdeling av bok til 4-åringane, sept – okt
- «Lys Vaken», 5.kl, 1.-2.des



Frå Babysong i Sandeid

- «12-festival» NYTT I ÅR, her blir det mykje liv i 12 timar – me gler oss! Felles for alle i Vindafjord, 6.-8.kl, laurdag 10.nov.

I tillegg er det ulike tiltak rundt omkring i kommunen, m.a.:

- «Småbarnssong» for 3-åringar i Vikedal, Imsland, Sandeid. November/desember
- «Mi verd – eg og dyra» Gardsbesøk for 3.klasse. Skjold/Vats + Ølen, sept
- «Hallo Ven» 4.-7.kl, 30.okt i Ølen – samarbeid med Russen på Lundeneset vgs

- I fleire bygder har klubbane for mellomtrinnet eit tett samarbeid med trusopplæringsarbeidet i kyrkja i høve innhald og tema for andaktar.

PS -Trusopplæringarbeidet er i stadig utvikling så kanskje kjem det fleire ting også i løpet av hausten. Følg Facebooksida vår «Trusopplæring Vindafjord» så får du siste nytt. Her finn du også meir detaljert oversikt med datoar for alle bygder.

Invitasjonar til dei punktvisse tiltaka blir sendt ut i posten til dei minste og delt ut på skulen til dei i skulealder. Hald dykk oppdatert via nettsida til kyrkja: www.vindafjord.kyrkjer.no. Merk at all påmelding til tiltak er via denne sida.

Er det vanskeleg å halde styr på alle lappane i kvardagen?

Gå inn på nettsida: www.vindafjord.kyrkjer.no. Der kan du melde deg på og få invitasjonar til aldersbestemte trusopplæringstiltak til barnet ditt direkte på epost.

Trusopplæringspris Vindafjord

Kven får prisen i år? Kandidatane er mange. Prisen blir delt ut på inspirasjonssamlinga 6/9 på Kyrkjetunet i Ølen. Samlinga er open for alle, men me vil gjerne vite ca kor mange som kjem. Påmeldingslink og meir info på www.vindafjord.kyrkjer.no

Av Sjur Inge Stødle

Positivt nytt for Vats bedehus/soknehus. Tysdag 7. august kom det to arkeologar til Vats for å sjå etter eventuelle fornminne på tomta vår. Arbeidet gjekk fort og greit med lokal gravemaskin og maskinførar. Det vart ikkje funne noko verdifullt!

Det er 10 år sidan me starta så smått med å leggja planar for eit nytt bedehus/soknehus og eg vil nytta høvet til å retta ei stor takk til alle som har vore med og støtta oss i arbeidet anten byggteknisk, organisatorisk, økonomisk eller med dugnadsarbeid på ymse måtar: basar,



loppemarknad, konsert og arbeid i samband med dette og mykje anna.

Nå gleder me oss til arbeidet vidare. Du er velkommen som "støttespelar"!

10 av dei 9 som vart konfirmert i 1967 og dei 15 i 1968, deltok på jubileumsmarkering i Vikebygd 26. aug. Før gudstenesta kl 17:00 var dei samla for å mimre frå ungdomstida.

Alle konfirmantane i 1968: Ståle Jordal, Frank Robert Aadland, Kåre Kvamme, Svend Arne Svendsbøe, Kjell Helge Kvamme, Sigurd Birke-land, Per Sven Fredriksen. Bjarne Trovåg, Jan Alne, Kjell Atle Barane, Rolf Bjørgen, Kjell Erik Gangstø, Marianne Amely Stene, Lillian Egge, Jorunn Veastad.

Alle konfirmantane i 1967: Per Ot- tar Skartland, Lars Arvid Skartland, Odd Svendsbøe, Torfinn Dommers- nes, Ingunn Veastad Dommersnes, Wenche Mæland, Martha Steinsland Kvamme, Reidun Alne Paulsen og Anne Berit Mæland.



Bak, konfirmert 1967: Per Sven Fredriksen, Svend Svendsbøe, Kjell Atle Barane, Jan Alne og Kåre Kvamme. Framme, konfirmert 1968: Torfinn Dommersnes, Martha Steinsland Kvamme, Reidun Alne Paulsen og Per Otta Skartland.

Ivar Braut sluttar som biskop Frå pressemelding

Ivar Braut har bestemt seg for å gje seg som biskop i Stavanger etter berre halvtanna år i jobben. Grunnen er en augesjukdom.

Ivar Braut vart vigsla som biskop i Stavanger bispedømme i 19. mars 2017. Berre halvtanna år etter gir 62-åringen seg. Braut vart sjuke- meldt eit halvt år etter at han vart bi- skop. Han har i lang tid slite med ein augesjukdom, og har etter behand- ling i lengre tid måtta fjerne det eine auga.

–Bispetenesta er svært arbeids-

krevjande. Derfor ønskjer eg eit alter- nativ der eg kan gå tilbake til vanleg presteteneste, seier Braut i ei pres- semelding frå Den norske kyrkja.

Allereie i oktober vil han vera i gang med presteteneste i Bjørgvin bispedømme der han bur.

–Eg ville gjerne ha halde fram som biskop i Stavanger bispedømme. Eg vart tatt så godt imot og mange har følgd meg tett gjennom ei svært spesiell tid. Stavanger er eit bispe- dømme med mykje hjartevarme og mange som ber, seier Ivar Braut.

Det vil bli halde avskjedsguds- teneste for biskopen i Stavanger domkirke 3. oktober. Stavanger bi- spedømmeråd vil om kort tid starta prosessen med å finna ny biskop. Planen er å tilsetje vedkommande på Kirkerådet sitt møte i januar 2019.

–Det er leit at helse ikkje har gjeva han høve til å ta heilt fatt på bispegjerninga. Eg har respekt for biskopen si avgjersle om å gå av, og ønskjer han alt godt i framtidig presteteneste, seier leiaren i Stavan- ger bispedømmeråd, Marie Klakegg Grastveit.

MØTE OG ARRANGEMENT

Leirar på Brandøy (IMS)

- Kvinnehelg 7.-9. september
 - Dugnadshelg 26.-27. oktober
 - Hausttreff 16.-18. november
 - Miniadventshelg 23.-25. oktober
 - Ten-leir 31. nov.-2. desember
 - Adventshelg 7.-9. desember
- Indremisjonssamskipnaden.no

Basar / Julemesse • NMS på Vikedal Bedehus, laurdag 10. November kl. 12 -17:30.

Misjons- info og bilete frå Madagaskar v/ Anne Marie Reimers. Song og musikk av Elisabeth Litlehammar og Lars Olav Fjetland. Hygge og drøs. Loddsal og sal av handar- beid (Lokalt og frå Madagaskar) Kaker og kaffi/te/saft. Alle, store og små, er hjarteleg velkomen! Arr.: NMS - Misjonsgruppe i Vikedal

Vats pensjonistlag møte i kjel- larstova i Vindafjordhallen kl.17:00-19:30. 25.sept. Øyvind Jønsson fortel og viser bilde frå: "Folk og vul- kanar i Indonesia". 30. okt. Reidar Håvås fortel frå arbeidet i politikken i Vindafjord. I slutten av november er det julemiddag. Kristian er med trekkspelmusikk. Drøs, matøkt, åre- sal/utlodding.Kjekt om du kjem.

Den årlege innsamlinga til Open Heart blir slik:

Austerheimsbygda bedehus måndag 22. okt. kl. 16-20

Øvre Vats bedehus

tysdag 23. okt. kl. 13-20

Vikebygd bedehus

torsdag 25. okt. kl. 15-18

Ber om 50 kr. pr. sekk i transportstøtte.

Torsdag 25. oktober kl. 19.00 blir det møte på Vikebygd bedehus. Halvard Hasseløy held andakt og informerer om arbeidet organisasjonen driv i Ukraina.



Personvernforordning frå EU (GDPR)

For å styrkja personvernet er det innført ei ny personvernlov frå 20. juli som skal sikre at personopplys- ningar (t.d. Namn, adresse, telefon, e-post osv.) som nokon registrerer, ikkje vert nytta utan personen sjølv tillet dette. Kyrkjebladet Hyrdingen registrerer berre namn og adresser på faste abonnentar av bladet som bur utanom kommunen. Desse ad- dressene blir ikkje nytta til anna enn å senda bladet til desse abbonen- tane. Innan kommunen går bladet uadressert til alle private husstan- dar. På same måte vil adresser til kontaktpersonar i kyrkjelydane og bedehusa bli nytta i samband med å hente inn stoff og kunngjeringar.

Ta kontakt med redaktøren om noko av dette skal endrast (Tlf 90873170).

Velkommen til Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene


Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg. Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon, Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

LES MER PÅ LVS.NO

LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMVGS LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMVGS LUNDENESET VGS

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90
Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Knapphus Bil

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Ølen Blomster

Tlf. 53 76 88 35 • www.olensenter.no

Knapphus Dekk & Bilverksted

5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12

STELL AV GRAVPLASSER

Kontakt Avdeling Vepro
Tlf 932 16 679/ 52 75 88 60



AOI
Arbeid og Inkludering

SpareBank SR-BANK



joker

Vikebygd Landhandel AS
Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net



Ølen Betong

Tlf. 5377 5200 - www.olenbetong.no

FRÅ KYRKJEBOKA

	Døypte	Vigde	Døde
Bjoa		30.06. Maren Kristine Pettersen og Sindre Hetland 28.07. Eli Sandsgård og Tor Helge Hilmarsen	10.07. Jenny Pauline Nymark f. 1930 18.07. Anna Kristine Eikås f. 1932 11.08. Johan Arnulf Utbjøe f. 1933
Imsland	19.08. Sina Riska 19.08. Aksel Riska		
Ølen	22.07. Theodor Johann Stelzer Sandsgård 12.08. Mille Hauge Christiansen 12.08. Henry Kolnes Vestreng	26.05. Anne-Marte Vinjerui Berge og Roger Vaka 26.05. Åsa Berge og Mikael Opheim 16.06. Ingvild Ølfarnes og Arve Gustavsen 18.08. Lilly Langhelle Hallberg og Vidar Miljeteig	29.05. Magne Berge f. 1947 24.06. Ingebjørg Fossberg f. 1928 06.08. Inger Marie Sand Lee f. 1938
Skjold	27.05. Lavrans Dagsland 27.05. Lone Andrea Urdal Haraldseid 17.06. Johannes Olai Kvamme Bratthammer 08.07. Elena-Maria Nesheim Owe	26.05. Anne Karen Kvamme og Morten Wannberg Jensen 05.08. Camilla Haraldseide og Ole Martin Audunsønn Haga	21.06. Hildur Karin Ørke f. 1941 01.07. Odd Einar Jamne f. 1941 02.07. Ingeborg Haugen f. 1923 09.07. Johannes Årdal f. 1926 10.07. Eli Fjeldheim f. 1933
Sandeid		12.05. Sandra Langeland Kaldheim og Tom Hove Tønnesen 02.06. Margrethe Hårde og Johannes Gravelseter Eide 09.06. Ingvild Gjerde Opheim og Jan Åsmund Lærdal	13.06. Karen Marie Lærdal f. 1936 22.07. Anne Grethe Areskjold f. 1947 30.07. Valgjerd Lærdal f. 1924
Vats	10.06. Simon Johannes Stølen-Ness 19.08. Thea Obrestad Tjøstheim 19.08. Adrian Mjøhus		29.06. Tor Leif Langhelle f. 1942 19.07. Signy Eikanes f. 1926 03.08. Svanhild Aud Koltveit f. 1935
Vikedal	12.08. Nora Nes	09.06. Gry Elen Ledaal Moberg og Anders Øglænd Bjørnstad	
Vikebygd			Ingen hendelser

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	Kyrkje	Tid	Informasjon	Preiketekst
09.09.2018	Imsland kyrkje	11.00	Høgmesse, Takkoffer: Maritastiftelsen	1 Pet 4,12-19
09.09.2018	Skjold kyrkje	17.00	Gudsteneste, G 17 Takkoffer: Institutt for sjelesorg	1 Pet 4,12-19
16.09.2018	Vats kyrkje	11.00	Familiegudstjeneste, 4-åring og 50-årskonf Takkoffer: Søndagsskulen(Haugal/sunnh.krets)	Luk 7,11-17
16.09.2018	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer: Indre Sjømannsmisjon	Luk 7,11-17
16.09.2018	Sandeid kyrkje	16.00	Familiegudstjeneste, Utdeling av MI KYRKJEBOK. Markering av misjon. Utsending frå NMS: Tore Harboe. Takkoffer: Det Norske Misjonsselskap	Luk 7,11-17
23.09.2018	Vikebygd kyrkje	11.00	Gudsteneste, 4-årsbok Takkoffer: Søndagsskulen (Haugal/sunnh.krets)	Matt 8,5-13
23.09.2018	Vikedal kyrkje	11.00	Familiegudstjeneste, Utdeling av MI KYRKJEBOK. Takkoffer til NMS (Ifanadiana). Utsending frå NMS: Magne Smørdal.	Matt 8,5-13
30.09.2018	Imsland kyrkje	11.00	Familiegudstjeneste, Hausttakkegudsteneste. Utdeling av MI KYRKJEBOK. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh 7,14-17
30.09.2018	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste, Gullkonfirmantar Ølen og Bjoa Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Joh 7,14-17
30.09.2018	Skjold kyrkje	17.00	Gudsteneste, G 17 m/ 4-års og 50-årskonf Takkoffer: Rogalandsgarden i Kamerun	Joh 7,14-17
07.10.2018	Bjoa kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer: Misjonsprosjektet	Mark 10,2-9
07.10.2018	Sandeid kyrkje	11.00	Høgmesse, Hausttakkegudsteneste. Gullkonfirmantane er innbedne. Takkoffer til Sambolabo.	Mark 10,2-9
07.10.2018	Vats kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer: Det Norske Misjonsselskap	Mark 10,2-9
14.10.2018	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer: Misjonsalliansen	Luk 16,19-31
14.10.2018	Vikedal kyrkje	16.00	Høgmesse, Hausttakkegudsteneste. Takkoffer	Luk 16,19-31
21.10.2018	Ølen kyrkje	11.00	Familiegudsteneste, Utdeling av 4-årsbok. Kyrkjekaffi. Takkoffer: Blå Kors i Norge	Ordsp 6,20-23a
21.10.2018	Imsland kyrkje	11.00	Høgmesse, Markering av misjon. Utsending frå NMS: Anne Marie Reimers, som informerer og preikar. Takkoffer: Det Norske Misjonsselskap	Ordsp 6,20-23a
21.10.2018	Vikebygd kyrkje	17.00	Gudsteneste, Takkoffer: Normisjon	Ordsp 6,20-23a
28.10.2018	Sandeid kyrkje	11.00	Gudsteneste, Bots- og bønegudsteneste Takkoffer: Trusopplæring i Vindafjord	Luk 18,9-14
28.10.2018	Skjold kyrkje	17.00	Gudsteneste, G 17 Takkoffer: G 17 - arbeidet	Luk 18,9-14
04.11.2018	Vats kyrkje	11.00	Gudsteneste, Helgemesse Takkoffer	Matt 5,13-16
04.11.2018	Vikedal kyrkje	11.00	Høgmesse, Allehelgensgudsteneste. Me minnest dei døde siste året. Takkoffer	Matt 5,13-16
04.11.2018	Ølen kyrkje	17.00	Gudsteneste, Helgemesse. Me minnest dei som har gått bort siste året i Ølen og Bjoa. Kyrkjekaffi. Takkoffer: Diakoniarbeidet	Matt 5,13-16
11.11.2018	Bjoa kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer: Norsk kyrkje i utlandet	Matt 14,22-34
11.11.2018	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer: Speidararbeidet i Skjold	Matt 14,22-34
11.11.2018	Imsland kyrkje	16.00	Høgmesse, Takkoffer: Sambolabo	Matt 14,22-34
18.11.2018	Ølen kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer: Den Norske Israelmisjon	Joh 9,1-7.35b-38
18.11.2018	Vikebygd kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet	Joh 9,1-7.35b-38
18.11.2018	Sandeid kyrkje	16.00	Høgmesse, Takkoffer: Norsk Gideon Bibelmisjon	Joh 9,1-7.35b-38
25.11.2018	Skjold kyrkje	11.00	Gudsteneste, Takkoffer: Kirkens Nødhjelp	Matt 25,1-13
25.11.2018	Vikedal kyrkje	11.00	Høgmesse, Takkoffer	Matt 25,1-13

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)

Vikebygd bedehus

13.9. torsdag	kl 19:30	Bibeltime v/IMS (JensTveit)
27.9. torsdag	kl 19:30	Møte v/Orientmisjonen. BE-gjengen kjem
28.9. fredag		Basar Normisjonforeininga
11.10. torsdag	kl 19:30	Møte
25.10. torsdag	kl 19:00	Møte Open Heart

Kårhus bedehus - Endeleg søndag

23.9. søndag	11:00	Endeleg søndag
14.10. søndag	11:00	Endeleg søndag. Talar Anne K. Rosberg
11.11. søndag	11:00	Endeleg søndag. Talar Kristian Landro
25.11. søndag	11:00	Endeleg søndag.
9.12. søndag	11:00	Familiemøte. Varm mat. Andakt: Turid

Vikedal bedehus • Normisjon, Indre Vindafjord

30.10. tysdag	19:30	Fellesskapskveld ved Kørner Høie.
20.11. tysdag	19:30	Fellesskapskveld ved Kørner Høie.

Kyrkjetunet i Ølen, kyrkjetunet.no

6.9. torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
6.9. torsdag	19:00 Fellessamling om trusopplæring
9.9. søndag	17:00 Samlingsfest - semesterstart
11.9. tirsdag	10:30 Kurs i Babysong (kjellar)
12.9. onsdag	18:00 Konfirmantsamling (kjellar)
12.9. onsdag	Konsert Holy Riders?
13.9. torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
14.9. fredag	17:00 Barnekor
14.9. fredag	18:00 Klubben 4.-7. klasse
18.9. tirsdag	10:30 Kurs i Babysong (kjellar)
19.9. onsdag	18:00 Konfirmantsamling (kjellar)
19.9. onsdag	19:00 Alpha-middag
20.9. torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
21.9. fredag	19:30 Bøn og lovsang - Fellesskap på tvers
25.9. tirsdag	10:30 Kurs i Babysong (kjellar)
26.9. onsdag	18:00 Konfirmantsamling (kjellar)
26.9. onsdag	18:00 Bønemøte
27.9. torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
28.9. fredag	17:00 Barnekor
28.9. fredag	18:00 Klubben 4.-7. klasse
30.9. søndag	16:00 Showlt
1.10. mandag	15:00 Internasjonal eldredag
1.10. mandag	19:30 Misjonsforum
2.10. tirsdag	10:30 Kurs i Babysong (kjellar)
3.10. onsdag	18:00 Konfirmantsamling (kjellar)
3.10. onsdag	19:30 Damenes aften
4.10. torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
9.10. tirsdag	10:30 Kurs i Babysong (kjellar)
10.10. onsdag	19:30 Bønemøte
11.10. torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
16.10. tirsdag	10:30 Kurs i Babysong (kjellar)
17.10. onsdag	18:00 Konfirmantsamling (kjellar)
17.10. onsdag	19:00 Alpha-kurs
18.10. torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
20.10. lørdag	12:00 4-årsamling i kyrkja + kjellar
23.10. tirsdag	10:30 Kurs i Babysong (kjellar)
23.10. tirsdag	19:00 Undervisningskveld, Israelsmisjonen
24.10. onsdag	18:00 Konfirmantsamling (kjellar)
24.10. onsdag	19:30 Bønemøte
25.10. torsdag	17:30 Internasjonalt treffpunkt
25.10. torsdag	19:00 Fellesforum
26.10. fredag	17:00 Barnekor
26.10. fredag	18:00 Klubben 4.-7. klasse
26.10. fredag	19:30 Bøn og lovsang-Fellesskap på tvers

Torsdagstreff på Kyrkjetunet

Pris kr 60,-. Alle hjarteleg velkommen

Arr: Diakoniutvalet / soknerådet i Ølen og Bjoa

6.9. torsdag	11:00-13:00 Torsdagstreff
4.10. torsdag	11:00-13:00 Torsdagstreff
1.11. torsdag	11:00-13:00 Torsdagstreff

Credo på Kyrkjetunet

7.9. fredag	19:30 Credo - ungdomskveld
26.10. fredag	19:30 Credo - ungdomskveld
23.11. fredag	19:30 Credo - ungdomskveld

Innbjoa bedehus

12.9. onsdag	10:00 Bønnemøte
16.9. søndag	19:30 Søndagsmøte
19.9. onsdag	10:00 Bønnemøte
20.9. torsdag	10:30-12:00 Formiddagstreff
26.9. onsdag	10:00 Bønnemøte
26.9. onsdag	19:30 Møte
28.9. fredag	18:00-21:00 Credo
3.10. onsdag	10:00 Bønnemøte
3.10. onsdag	16:30-17:30 Barnekor
3.10. onsdag	17:30-19:00 Mini-Credo
10.10. onsdag	10:00 Bønnemøte
17.10. onsdag	10:00 Bønnemøte
17.10. onsdag	16:30-17:30 Barnekor
17.10. onsdag	17:30-19:00 Mini-Credo
17.10. onsdag	19:30 Møte
19.10. fredag	18:00-21:00 Credo
24.10. onsdag	10:00 Bønnemøte
25.10. torsdag	10:30-12:00 Formiddagstreff

Dersom det blir endringar i programmet vil dette bli kunngjort med plakat eller på facebook.

Bedehusa i Skjold

06.09. torsdag	17:30-18:15 Kyrkja: Barnakor
06.09. torsdag	19:30 Ermland: Bønemøte
07.09. fredag	19:00 Austrheim: Israelskveld

11.09. tysdag	Isvik: Normisjon
18.09. tysdag	19:30 Ermland: Flymisjonen
20.09. torsdag	17:30-18:15 Kyrkja: Barnakor
20.09. torsdag	19:30 Ermland: Bønemøte
24.09. måndag	19:00 Ermland: Yngres
25.09. tysdag	Austrheim: Indre Sjømannsmisjon
26.09. onsdag	19:00 Ermland: Basar Indre Sjømannsmisjon
02.10. tysdag	Isvik: NMS Misjonsselskap
04.10. torsdag	17:30-18:15 Kyrkja: Barnakor
04.10. torsdag	19:30 Ermland: Bønemøte
09.10. tysdag	Ermland: Norsk Gideon
16.10. tysdag	Austrheim: Ev. Orientmisjon BE-gjeng
18.10. torsdag	17:30-18:15 Kyrkja: Barnakor
18.10. torsdag	19:30 Ermland: Bønemøte
22.10. måndag	16:00-20:00 Austrheim: Innsamling Ukraina
22.10. måndag	19:00 Ermland: 19.00 Yngres
23.10. tysdag	Isvik: Kr. Muslimmisjon
27.10. laurdag	12:00 Ermland: Bedehusbasar
30.10. tysdag	Ermland: Indre Sjømannsmisjon
01.11. torsdag	17:30-18:15 Kyrkja: Barnakor
01.11. torsdag	19:30 Ermland: Bønemøte
05.11. måndag	19:00 Ermland: Yngres
06.11. tysdag	Austrheim: Normisjon
13.11. tysdag	Isvik: NLM Misjonssamband
15.11. torsdag	17:30-18:15 Kyrkja: Barnakor
15.11. torsdag	19:30 Ermland: Bønemøte
16.11. fredag	19:00 Isvik: Misjonsmessa - Fest
17.11. laurdag	11:30 Isvik: Misjonsmessa
19.11. måndag	19:00 Ermland: Yngres
20.11. tysdag	Ermland: Samemisjonen
27.11. tysdag	Austrheim: NLM Misjonssamband
29.11. torsdag	17:30-18:15 Kyrkja: Barnakor
29.11. torsdag	19:30 Ermland: Bønemøte
30.11. fredag	18:30 Austrheim: Grautfest

"60+ treff" i Skjold kyrkje

Skjold sokneråd ved diakoniutvalet ønsker velkommen til uformelle, sosiale samvær i kyrkjelydsalen.

27.09. torsdag	14:00-16:00 Jon Adnøy blir med oss
25.10. torsdag	14:00-16:00 Sjå plakat
29.11. torsdag	14:00-16:00 Sjå plakat

Her blir prat med kaffi og litt attåt. Velkommen!


Bedehusa i Vats

12.9. onsdag	19:30 Øvre Vats: Indre Sjø
13.9. torsdag	18:00 Øvre Vats, bedehusbasar
19.9. onsdag	19:30 Blikrabygda: Normisjon
26.9. onsdag	19:30 Kårhus: Samemisjonen
3.10. onsdag	19:30 Øvre Vats: Flymisjonen
10.10. onsdag	19:30 Blikrabygda: NMS
17.10. onsdag	19:30 Kårhus: Normisjon
18.10. torsdag	19:00 Øvre Vats, Bygdakveld m/ Lars Lundal
23.10. tysdag	13:00-20:00 Øvre Vats, Innsamling til Ukraina
24.10. onsdag	19:30 Øvre Vats: Muslimmisjonen
31.10. onsdag	19:30 Blikrabygda: NLM

Vågen bedehus - vaagenbedehus.no

9.9. søndag	19.30 Søndagsmøte, Israelsmisjonen Talar: Bjørn Lorentzen
12.9. onsdag	19.30 Bønnemøte
16.9. søndag	11.00 Søndagsskule
16.9. søndag	19.30 Natverdymøte Talar: Karl Einar Tvedt
19.9. onsdag	19.30 Bønnemøte
23.9. søndag	11.00 Søndagsmøte, NLM
26.9. onsdag	19.30 Bønnemøte
30.9. søndag	11.00 Søndagsskule
30.9. søndag	19.30 Søndagsmøte. NLA 50 år.
3.10. onsdag	19.30 Bønnemøte
10.10. onsdag	19.30 Bønnemøte
14.10. søndag	11.00 Søndagsskule
14.10. søndag	19.30 Søndagsmøte, Gideon
16.10. tirsdag	19.30 Møte, NLM Talar: Odd Geir Nordland
17.10. onsdag	19.30 Møte, NLM Talar: Odd Geir Nordland
18.10. torsdag	19.30 Møte, NLM Talar: Odd Geir Nordland
19.10. fredag	19.30 Møte, NLM Talar: Odd Geir Nordland
20.10. lørdag	18.00 Generasjonssamling, NLM Talar: Odd Geir Nordland
21.10. søndag	19.30 Møteveke, NLM Talar: Odd G. Nordland
23.10. tirsdag	17.30 Jentelaget og guttelaget
24.10. onsdag	19.30 Bønnemøte
28.10. søndag	11.00 Søndagsskule
28.10. søndag	19.30 Søndagsmøte, "Herreavdelingen" / KVH Talar: Birger Helland
31.10. onsdag	19.30 Bønnemøte

Oppstart av familiespeiding i Skjold og Vikebygd



KFUK-KFUM-speidarane (www.kmspeider.no)

Av: Iselin Eidhammer Tveit

Denne hausten startar det opp eit nytt, felles tilbod til familiar i Skjold og Vikebygd; familiespeiding. Familiespeiding er speiding for heile familien, liten og stor. Ein er ute i nærmiljøet i all slags vær, til dømes i skogen, i fjæra, på fjellet, i kyrkja eller på garden. På familiespeiding er det fokus på friluftsliv, fellesskap og utvikling. På kvart møte blir det ein felles aktivitet, matlaging og ein

andakt- og sjølsagd mykje leik og moro!

Det er to «speidarpar» som står bak oppstarten: Karianne og Lars Henry Dagsland, som er busette i Skjold, og Iselin og Håvard Tveit, som er busette i Vikebygd. Dei har vore aktive speidarar i mange år, og hadde lyst til å fortsetja med speidararbeid sjølv om dei no har stifta egne familiar. Dei understreker at familiespeiding ikkje skal vera eit konkurrerende tilbod til familie-KRIK, som

allereie er godt etablert i Skjold- tvert i mot skal familiespeiding vera med på å laga eit breiare tilbod i trusopp-læringa, og det er ikkje umogleg at det kan bli nokre felles arrangement med familie-KRIK.

Møta vil vera både i Skjold og Vikebygd. Datoar og anna informasjon finn ein på Facebook-sida «Familiespeiding Skjold/Vikebygd».

Velkommen på familiespeiding!

Oppstart av Vindafjord Soul Children

Av Gunhild Marie Osaland

I Vindafjord kommune vil me frå hausten 2018 starte opp eit felles Soul Children- kor for alle 5.-10.klassingar i heile kommunen. Me vil kalle det Vindafjord Soul Children. Me vil øve om lag ein laurdag pr måned fram mot større konsertar. Første gongen er 29.september kl. 12 på Kyrkjetunet i Ølen. Nokre gonger vil me ha øvingane andre stader, men no i starten vert basen på Kyrkjetunet.

På øvingane vil det sjølsagt vera god tid til song, men me vil også fokusere på å ha det kjekt saman. Me vil ha matpause og sosialt samvær kvar gong. Det vil også bli andakt eller anna andeleg innhald kvar gong.

Soul Children er den korrøyrsla i Noreg med størst vekst i både tal på kor og tal på medlemmer. Oslo Soul Children har gitt ut fleire CD'ar og held stadig store konsertar og er med på TV- opptredenar osv. Om lag ein gong i året inviterer dei til Soul Children festival i Oslo, med stort fel-

leskor, konsertar og mykje anna gøy. Dette reiser me ikkje på i år, men det er ikkje utenkjeleg å reise dit eit anna år dersom me får til eit passe stort kor i Vindafjord.

Me håpar også at dette kan vera ein arena der songglade ungdomar frå alle kantar av Vindafjord kan få treffe likesinna. Så vidt me veit, er det ikkje andre kor for denne aldersgruppa i Vindafjord kommune.

Me gler oss til å treffa deg! Søk oss opp på Facebook eller på nettsidene til Kyrkjetunet for meir informasjon.

Andaktstelefonen
380 91700
 Åpent hele døgnet!
 Ny andakt tirsdag og fredag
 Tjenesten er gratis

**Korleis har du det...
 EIGENTLEG?**
 Eit menneske å snakke med
 når livet er som verst
 SOS-Chat: www.soschat.no
 SOS-melding: www.kirkens-sos.no
 Kirkens SOS
 22 40 00 40

Neste nummer av Hyrdingen
 kjem ut 25. oktober
 Frist for levering av stoff er
 29. september